

# Plan for forskning- og kunnskapsutvikling

---

---

## JÆRMUSEET



**2015 - 2017**

# Plan for forskning- og kunnskapsutvikling

## Innhold

<b>1 Innleiing</b>	<b>s. 3</b>
<b>1.1 Om Jærmuseet</b>	<b>s. 3</b>
<b>1.2 Om forskning</b>	<b>s. 3</b>
<b>1.3 Om museet som forskingsinstitusjon</b>	<b>s. 3</b>
<b>1.4 Kunnskapsutvikling i Jærmuseet</b>	<b>s. 4</b>
<b>1.5 Tidlegare forskingsplanar i Jærmuseet</b>	<b>s. 4</b>
<b>2. Status for forskinga i Jærmuseet</b>	<b>s. 5</b>
<b>3. Mål for forskinga</b>	<b>s. 5</b>
<b>4. Organisering av forskning og kunnskapsutvikling</b>	<b>s. 6</b>
<b>5. Prioriterte prosjekt i planperioden</b>	<b>s. 7</b>
<b>5.1 Forskingsprosjekt i planperioden</b>	<b>s. 7</b>
<b>5.2 Forskingsførebauende prosjekt i planperioden</b>	<b>s. 9</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>s. 9</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Om Jærmuseet

### Formål

Jærmuseet blei stifta i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

Jærmuseet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Me forvaltar og produserer kunnskap og formidlar kunnskapsbaserte opplevingar.

## 1.2 Om forskning

Jærmuseet legg OECD (Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling) sin forskingsdefinisjon til grunn for museet sitt forskingsarbeid:

”Forskning og utviklingsarbeid (FoU) er kreativ virksomhet som utføres systematisk for å oppnå økt kunnskap – herunder kunnskap om mennesket, kultur og samfunn – og omfatter også bruken av ny eller eksisterende kunnskap til å finne nye anvendelser.”<sup>1</sup>

## 1.3 Om museet som forskingsinstitusjon

Frå St. melding nr. 49: Framtidas museum:

*”Forskning og kunnskapsutvikling ved museene er et nødvendig faglig grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Et delmål vil være økt forskningssamarbeid, både i museumsnettverket og mellom museene og forskningsmiljøer i kunnskapssektoren.”*

Stortingsmeldinga legg spesielt vekt på samarbeid med andre forskingsinstitusjonar for å ”mobilisere et bredt fagmiljø”. Dei faglege museumsnettverka bør ”i enda større grad enn i dag benyttes til å utvikle innsamlingsstrategier, forskningsprosjekter og samarbeid om innsamling og forskning.”

Stortingsmeldinga legg nokre føringar for kva musea bør forske på. Om gjenstandar: ”For museenes del vil det være særlig aktuelt med forskningsprosjekter om materiell kultur i vid forstand, og forholdet mellom kunnskapsbehov og samlingsutvikling vil kunne være et sentralt tema.” Om handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv: ”Det er klart et behov for ytterligere å styrke kompetansen når det gjelder tradisjonelle håndverksteknikker i museene. Dette gjelder primært for å heve det faglige nivået på vedlikeholds- og restaureringsarbeidet i museene, men også for å skape en meir solid plattform for å utvikle småskala næringsbasert virksomher.”

Val av forskningstema bør bli gjort på grunnlag av ei vurdering om kva institusjon treng meir kunnskap om.

---

<sup>1</sup> Kjelde: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/dok/nou-er/2000/nou-2000-7/5/1.html?id=376098>

Forsking i musea er underlagt dei same prinsippa som forsking generelt. Samlingane definerer som oftast tema og rammeverket for forskinga ved den einskilde museumsinstitusjonen. Forskinga er knytt til musea sine andre kjerneoppgåver, dokumentasjon, bevaring og formidling.

Målet med forskinga er ny eller auka kunnskap innanfor eit fagtema, kvalitetssikra etter vitenskaplege kriteriar og vurdert av ein fagfelle.

#### **1.4 Kunnskapsutvikling i Jærmuseet**

All dokumentasjon og forsking i Jærmuseet utgjer museet sin samla kunnskapsproduksjon. Dokumentasjonsarbeid heng saman med forsking, men det er tale om to forskjellige prosessar. Målet med forskinga er å utvikle ny kunnskap eller sette saman eksisterande kunnskap på ein ny måte, eller inn i ein større samanheng, slik at resultatet blir ei ny forståing. Dokumentasjonen er på mange måtar forskinga sitt grunnlagsarbeid: å samle og systematisera eksisterande kunnskap.

Jærmuseet starta publisering av eiga **årbok** i 1989 og har sidan kome med ei utgåve kvart år. Her er det publisert lokalhistoriske artiklar. Ein stor del av artiklane er presentasjon av museets dokumentasjonsarbeid, skrivne av eigne medarbeidarar og prosjektmedarbeidarar. Artiklane er ikkje fagfelleverderte og er av varierende omfang.

Samlingane og dei sentrale formidlingstemaene til Jærmuseet er utgangspunkt for museet si forsking og kunnskapsutvikling. Hovudtema blir dermed jordbrukshistorie, industrihistorie på Jæren, Kystverket si historie, fly- og krigshistorie og Hulda og Arne Garborg.

#### **1.5 Tidlegare forskingsplanar i Jærmuseet**

Strategi- og handlingsplanen for Jærmuseet 1995-2000 inneheld eit kapittel om forsking. I 2012 utarbeida Jærmuseet ein eigen forskingsplan, med ein planperiode på tre år. I løpet av planperioden blei følgjande prosjekt fullført:

- 1. «Norgesgarden».** Det er publisert ein fagfelleverdert artikkel, laga ein forvaltnings- og formidlingsplan for Audamotlandsgarden, og dessutan ein mal som kan danne grunnlaget for forsking og dokumentasjon av dei andre gardsanlegga til museet.
- 2.** I 2011/2013 deltok Jærmuseet i Samtidsnettverket sitt prosjekt **Samtidskoden** der målet var å finne ein metode for dokumentasjon av endringar i kulturlandskapet på Jæren. Arbeidet er publisert i fagfelleverdert artikkel i Heimen.
- 3.** Den norske sjøtrafikkssentraltjenesten. Første utkast av artikkel er sendt til fagfellevurdering.

## 2. Status for forskinga i Jærmuseet

15 tilsette i Jærmuseet har formell forskingskompetanse, dvs. mastergrad, hovudfag eller magistergrad, dei fleste innan fagområda etnologi/kulturvitskap, historie eller språkfag. Ein har hovudfag i geologi og ein er diplomarkitekt. Tre av Jærmuseet sine tilsette har konservator kompetanse.

Men dei færreste av desse har stillingar eller arbeidsoppgåver der forskning inngår som ”rett og plikt”/ som del av stillingsbeskrivelsen.

I planperioden skal inntil ni tilsette sette av tid til å driva forskning.

Museet har ein **skriftserie**: Jærskrifter som til nå har komme med fire nummer. Her publiserer ein bøker knytt til museet sitt forskingsfelt: ei doktorgradsavhandling (1), to temabøker (2,3) og ei leksikalsk bok (4).

## 3. Mål for forskinga

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentere regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling, invitere publikum til opplevingar, deltaking, utforskning, diskusjon og kritisk refleksjon, og særleg stimulere barn og unge si nysgjerrigheit, utforskartrøng og samfunnengasjement.

Forskning utgjer grunnlaget for formidling. Jærmuseet må drive eigen forskning og oppmode andre til å forske på sine tema for å samla sett produsere ny kunnskap innanfor dei fagområda som Jærmuseet har ansvar for. Utan ny forskning innan museet sine tema vil det vere vanskeleg å fornye museet si formidling. Alternativet blir ei meir tilfeldig formidling som manglar den regionale forankringa. Forskning er dermed ein føresetnad for å bevare Jærmuseet sin eigenart.

Forskning er med på å sikre at museet er ein kunnskapsinstitusjon og ikkje berre ein formidlingsinstitusjon. Jærmuseet bør ha som mål å vere den leiande kunnskapsinstitusjonen innanfor eigne tema.

I tillegg inviterer me forskarar ved andre institusjonar til å nytte Jærmuseet som arena for forskingsformidling, både ved å bidra til utstillingar hos oss og gjennom populærvitskaplege foredrag. Museet samarbeider og med ulike forskarar og fagmiljø for å kvalitetssikra formidlinga av ulike tema i utstillingane der me sjølv ikkje har tilstrekkeleg fagkompetanse.

I løpet av planperioden skal to av Jærmuseet sine tilsette publisera til saman tre fagfelleverderte artiklar. Målet er at artikkelforfattarane skal få tilkjent konservator kompetanse.

#### 4. Organisering av forskning og kunnskapsutvikling

Jærmuseet bør primært prioritera forskning innan fagområde der me sjølv har forskingskompetanse, det vil seie innan etnologi, historie og språkfag.

Jærmuseet har oppretta ei faggruppe av tilsette med forskarkompetanse leia av ein forskingskoordinator. Desse har eit overordna ansvar for forskinga i museet, og vil foreslå for leiargruppa kva for forskingsprosjekt som til ei kvar tid skal prioriterast, og dessutan fungere som referansegruppe for alle forskingsprosjekt i organisasjonen. Forskarforumet skal møtast minst fire gonger i året.

Kva prosjekt institusjonen vil gjennomføre, og kven som skal sette av tid til forskning, er bestemt ut frå andre satsingar i perioden. I denne perioden har arbeidet med å gå gjennom samlingane første prioritet. Det fører til at det blir mindre ressursar til forskning og anna kunnskapsutvikling.

I planperioden vil det vere ei målsetting å innleie eit forskingsamarbeid med universitet eller høgskular. Jærmuseet bør legge til rette for at masterstudentar kan nytte seg av Jærmuseet sine arkiv og samlingar.

I Stortingsmelding nr. 49 oppmodar Kulturdepartementet til forskingssamarbeid innan dei såkalla museumsnettverka. Jærmuseet vil delta i forskingsprosjekt innan følgjande nettverk: Samtidsnettverket, Kulturlandskapsnettverket, Litteraturnettverket og Kystverkmusea/ nettverk for fiskeri- og kystkultur. I planperioden bør Jærmuseet ta initiativ til nye forskingsprosjekt innanfor eitt eller fleire av desse nettverka, eller delta i forskingsprosjekt som tek føre seg relevante tema.

Dei som driv forskning må bli frigjort frå andre oppgåver for å kunne forske. For å løyse denne kabalen må forskaren sine andre oppgåver anten utsetjast, fordelast på andre tilsette eller må nye personar tilsettast i forskingsperioden. Dette må innarbeidast i arbeidsplanane til dei ulike avdelingane. Rogaland fylkeskommune sin "Regionalplan for museum" oppmodar musea til å driva forskning som oppfyller følgjande kriteria:

- "I det vitenskaplege arbeidet har musea i liten grad forska på seg sjølv og dei samfunnsoppgåvene musea skal ivareta. Dette gjeld mellom anna forvaltning og museumsformidling som vil bli prioritert i denne planperioden."
- "Den materielle og ikkje-materielle kulturarven blir i ICOM sin museumsdefinisjon frå 2007 sidestilt. I dette ligg det og ei prioritering av ikkje-materiell kultur i museumsarbeidet. Rogaland fylkeskommune vil prioritera forskning og kunnskapsproduksjon innan immateriell kultur."

Fylkeskommunen har førebels ikkje iverksett nokon stipendordning for forskning ved musea, slik planen opphavleg føreslo.

## 5. Prioriterte prosjekt i planperioden

I løpet av planperioden vil Jærmuseet prioritera å gjennomføra forskingsprosjekt eller forskingsførebuaende arbeid innan fagområde der Jærmuseet har eit nasjonalt og regionalt fagansvar.

### 5.1 Forskingsprosjekt i planperioden

#### Jordbruk

1. **«Ei gjødsla historie»** Vitengarden vil formidle gjødselbruken på Jæren, forureininga av vatn og vassdrag som følgje av gjødselutsleppa, og kva tiltak som er sett i verk for å minske utsleppa. Dette blir ein del av bakgrunnsstoffet til utstillinga/formidlinga av biogass som opnar våren 2016. Målet er å ha ein miljøhistorisk artikkel klar for fagfellevurdering i planperioden.
2. **«Sauen og gjetaren. Levd erfaring i heia før og no»** Sauehaldet er ei viktig næring for Rogaland, med Bjerkreim og Gjesdal som dei største sauekommunane i landet. Dette prosjektet vil bygge vidare på prosjektet «Med sauene til heis» frå byrjinga av 1990-talet og sjå særleg på heiaføringa av sau til sommarbeite. Det vil ta for seg endringane i driftsforma, og kva framtid ho har ut frå sauebonden og gjetaren sine synsstadar. Prosjektet startar våren 2015 og vil bli formidla i utstillinga på Vitengarden, og i fagfellevurdert artikkel i planperioden. Temaet er interessant for andre europeiske landbruksmuseum, og resultatane av forskingsprosjektet vil bli presentert for AIMA (International Association of Agricultural Museums).

#### Kystverket

1. **Los i Rogaland i etterkrigstid.** Lostensta har gjennomgått ei betydeleg utvikling sidan andre verdskrigen. Denne utviklinga har ikkje blitt gjenstand for noko gransking. Målet med arbeidet er å dokumentere utviklinga i den regionale lostenesta i etterkrigstid, og freiste å forklare denne utviklinga. Arbeidet skal munne ut i ein historiefagleg artikkel innan utgangen av 2013.
2. **Tungenes fyr.** Kunnskapen om Tungenes fyr er noko spredt og tilfeldig. Innan utgangen av 2014 er det ei målsetting å produsere ei samla historie om fyret basert på kjeldemateriale frå Riks- og statsarkivet og munnlege kjelder. Dette skal nyttast som grunnlag for formidling på fyret.

#### Industrihistorie

1. **Figgjo AS.** Prosjekt og artikkel med fokus på Figgjo si produktutviklingsavdeling. Bedrifta har gjennom dei siste tiåra omstilt produksjonen frå serviser til privathushald

til bare å levere til den profesjonelle storhushald- og restaurantmarknaden. Utvikling er truleg like viktig som produksjon for å overleve som bedrift. Me ønskjer å dokumentere korleis bedrifta arbeider på dette området, både i dag og gjennom dei siste tiåra.

2. **Ferdighusproduksjon** Det bør i planperioden utarbeidast plan for dokumentasjon av ferdighusproduksjonen i distriktet.

### Garborgrelaterte emne

1. **Knoting før og nå.** Garborgsenteret ønskjer å gjennomføre ei kvalitativ undersøking om folks oppfatningar av knoting, og samanlikna med Arne Garborgs oppfatning av same fenomen (t.d. i Knudaheibrev). Frist: haust 2015.
2. **Museum som minnepolitiske institusjonar.** 12 museum i Litteraturnettverket, inkludert Garborgsenteret, lagar eit tverrfagleg dokumentasjons- og forskingsprosjekt om museum som minnepolitiske aktørar gjennom jubileum, dokumentasjons- og formidlingsarbeid i lys av samfunnsoppdraget til musea. Prosjektet går frå våren 2015 til hausten 2017.

### Fly-, krigs- og forsvarshistorie

1. **Flyplasstroppen på Sola/Forus:** Frå 1948 til 1983 var det stasjonert ein operativ stridsvogntropp på Sola/Forus tiltenkt nærforsvaret av flyplassen. På Madla stod ein komplett stridsvogneskadron mobiliseringslagra. Forskingsprosjektet tek sikte på å dokumentere og formidle historia til flyplasstroppen frå 1984 fram til nedlegginga på starten av 1980-tallet, på bakgrunn av den kalde krigen.
2. **Sola Flystasjon som framskoten NATO-base under den kalde krigen:** Gjennom heile den kalde krigen var den sovjetiske flyaktiviteten like utanfor Norge sine grenser særkilt høg. Frå 1960-talet fram til Sovjetsamveldet sitt samanbrot i 1991 gjennomførde det norsk forsvaret årleg fleire hundre avskjeringar av sovjetiske fly i Barentshavet og i Norskehavet. Bortsett frå USA var Norge truleg det landet som avskar flest sovjetiske fly under den kalde krigen. Også Sola flystasjon fekk merke den kalde krigen gjennom sin posisjon som framskoten NATO-base ved krig eller krise i Europa. 108 Taktiske Jagerflyving fra USA var øyremerka operasjonar frå Sola ved krig eller krise i Europa gjennom fleire tiår. Dette førde til at avdelinga ofte øvde på Sola for å gjere seg kjend med krigsbasen sin og det potensielle krigsteateret sitt. Amerikanske strategiske bombefly hadde, som ein av av to stader i Norge, løyve til å lande på Sola etter atombombetokt over Sovjetunionen. Den norske 717-skvadronen med fast base på Sola frå 1957 til 1961 var på ståande NATO-beredskap og hadde ein



fast flykontigent på beredskapsvakt på Banak, i Finnmark. Forprosjektet tek sikte på å klargjere tema og konkretisere forskingsfelt innanfor Sola Flystasjon si rolle under den kalde krigen.

## 5.2 Forskingsførebuande prosjekt i planperioden

Det er bruk for ny kunnskap om jordbruket og jordbruksindustrien på Jæren, også sett i samanheng med næringa elles i landet. I planperioden er målet å prioritere tema for åra som kjem, aktuelle tema kan vere:

1. Jærmuseet har ei stor samling reiskapar frå den jordbruksbaserte jærindustrien som ein ønskjer å formidle i eit studiemagasin. Det er nødvendig å lage plan for innhald og spørsmålsstillingar ønskjer å ta opp. Det vil legge føringar for vidare forskning og kunnskapsutvikling.
2. Det har vore store strukturendringar innan mjølkeproduksjonen dei siste 15 åra. Jærmuseet ønskjer å sjå nærare på desse endringane, både i samtid og fortid.
3. Jæren har vore eit viktig område for pelsdyrhald. Denne delen av jordbruket er no under sterkt press, og kan vere eit aktuelt tema i eit samtidsdokumentasjonsprosjekt.
4. Kystjordbruket var tradisjonelt kvinnene sitt arbeid. Jærjordbruket blei tidleg mekanisert og det er vanskeleg å få auge på kvinnene si rolle på gardane i denne regionen. Bortsett frå Eldbjørg Fossgard sitt doktorgradsarbeid som dekkjer perioden etter 1980, er det gjort lite for å sjå jærjordbruket før 1980 i eit kjønnsperspektiv. Dette kan danne utgangspunktet for eit forskingsprosjekt.

## Vedlegg

### Litteraturliste

1. **Eldbjørg Fossgard** *Frå lagnad til val. Kvinneliv på vestnorske gardsbruk 1930 - 1990* (1996)
2. **Målfrid Grimstvedt, Torbjørn Hertel-Aas, Lars Gaute Jøssang** *Med sauene til heis* (1996)
3. **Lars Gaute Jøssang** *Industrieventyret på Jæren 1800 - 2000* (2004) I samarbeid med Det norske samlaget.
4. *Sandnes Hva hendte - og når? Høle, Høyland, Riska og Sandnes* **Redaksjon: Arne Hove, Gro Persson, Olav Skjellevik, Sigbjørn Stangeland** (2007)

## Liste over hovudfagsoppgåver med relevans til museet sine samlingar

1. **Anne Jorunn Frøyen:** *Den driftige Jærbonden i etterkrigstiden – myte eller realitet?* (UIB, 2000)
2. **Torbjørn Hertel-Aas:** *Heiaføring og heiesjefer gjennom 160 år.* (UIB, 1998)
3. **Svein Høyland:** *Stein og stål. Utviklingstrekk av reiskapsindustrien på Jæren, og reiskapsbruken i jordbruket, frå kring 1950 til 1970.* (UIB, 1998)

## Liste over tidlegare forskings- og dokumentasjonsprosjekt

Museet har delteke i dei **nasjonale museumsnettverka** sidan 1990-talet og publisert artiklar knytta til fellesprosjekt som *Plast i det moderne Norge*, *Dokument 2000*, *"På sporet av den tapte samtid"*. Desse prosjekta er forankra i musea sitt samtidsnettverk og har resultert i fire artiklar skrivne av museets medarbeidarar, sjå nedanfor.

Museet har lagt til rette for og hjelpt studentar som skriv hovudfagsoppgåver med relevans til museets samlingar og tema, til dømes Svein Høyland, Anne Jorunn Frøyen og Torbjørn Hertel-Aas, sjå vedlegg.

### **Dokumentasjonsprosjekt med publiserte artiklar eller bøker:**

**"Med sauen til heis"** 1992 - 1997 Innsamlings- og dokumentasjonsprosjekt om sauebøndene i Sør Rogaland og den spesielle driftetraffikken som er blitt drive her frå 1830-åra til i dag. Publisert som Jærskrifter 2. Torbjørn Hertel-Aas brukte også materialet i si hovudfagsoppgåve i historie 1998: *"Heiaføring og heiesjefer gjennom 160 år"*, Universitetet i Bergen.

**"Teknologisk endring og produktutvikling"** 1995 – 1998 Dokumentasjon av arbeidsprosessar, arbeidsorganisering og arbeidsmiljø i reiskapsfabrikkar på Jæren og systematisering av jordbrukreiskapa frå Kyllingstad plogfabrikk, Kvernelands Fabrikk og F.A. Underhaugs fabrikk. Publisert i artikkelen *"Jærplogane"* i *"Sjå Jæren"* 2000 og på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no) i perioden 2000 – 2004.

**"Bonde eller kone"** 1996 Dokumentasjon av bondekvinna på Jæren i 1996. Artikkelen *"Bonde eller kone. Bondekvinna 1996"* Ingeborg Nærland Skjærpe, *Sjå Jæren* 1996.

**"Jærskje mattradisjonar"** 1997 – 1998 Innsamling av muntleg tradisjon, kjeldestoff og litteratur om mat og mattradisjonar på Jæren. Publisert i *Sjå Jæren* 1999: Målfrid Snørteland *"Jærskje mattradisjonar"*, Målfrid Grimstvedt *"Havregryns møller i Rogaland"*. Målfrid Snørteland har også skrivne det kulturhistoriske kapitlet i *"Et: på kjøkkenet i Rogaland"* 2007.

**"Plast i jordbruket"** 1997 – 1998 Del av forskingsprosjektet *"Plast i det moderne Norge"*, eitt samarbeid mellom seks museer. Kartla plastens inntog frå forsøk med gras i plastsilo i 1952 til 1975 då dyrking under plast bare var eit av mange felt der plasten i jordbruket hadde fått fotfeste.

**"Mjølkk eller gulrot"** 2000 – 2001 Frå mars 2000 til mars 2001 følgte me arbeidet på eit gardsbruk på Vik i Klepp. Her dokumenterte me driftsforma på garden gjennom å videofilma, fotografera, skildra og intervjuade dei som bur og arbeider her. Publisert : Målfrid Grimstvedt " *Gulrot eller mjølk. Ein jærsk sjøgard ved tusenårskiftet* , Sjø Jæren 2000.

**"Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet"** 2000 Eit "Dokument 2000" prosjekt innfor Samtidsnettverket. Her stod dei flyktige møta mellom publikum og dei som arbeider på flyplassane på Sola og på Karmøy i fokus. Publisert: Inger Smidt Olsen " *Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet*" i prosjektrapporten og i Sjø Jæren 2003 "Å reise det er å leve".

**"På sporet av den tapte samtid" 2006 – 2009** Samtidsprosjekt som resulterte i to artiklar i Norsk kulturråds rapport 2009: Anne Jorunn Frøyen " *Antioksidantar og frie radikal Mat og vitskap i norske vekeblad i 2006*" og Målfrid Grimstvedt " *Kven har kontrollen på norsk mat?*". Det resulterte også i artiklane Frøyen " *Me et så grævligt mykje*" og Grimstvedt " *Jærsk matproduksjon i endring*" i Sjø Jæren 2009.

Svein Dybesland " **Vindkraft i Norge** - om historisk bruk av vindkraft", 2008. Ei undersøking utført av Jærmuseet på oppdrag av NVEs Museumsordning. Også publisert i "Sjø Jæren" 2011 og i utvida versjon som nettutstilling på [www.jaermuseet.no](http://www.jaermuseet.no) frå 2011.